

## **VEDTAK NR 41/15 I TVISTELØYSINGSNEMNDA**

### **Tvisteløysingsnemnda heldt møte torsdag 18. juni 2015**

Ved behandling av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

#### **Faste medlemmer**

Henning Harborg, leder  
Silje H. Solberg, LO  
Elisabeth Lea Strøm, NHO

#### **Særskilde oppnemnde medlemmer**

Gry Brandshaug Dale, KS  
Tore Dahlstrøm, NSF

#### **Saka gjeld**

Tvist om rett til fritak frå nattarbeid etter arbeidsmiljølova §§ 10-2 (2)

#### **Arbeidstakar**

A

#### **Arbeidsgivar**

B

## **Det vart treffe slikt vedtak:**

### **Saksframstilling**

A er fast tilsett som sjukepleier på natt i stilling på om lag 60 prosent ved X, B. Turnusen hennar har fram til sommaren 2015 omfatta arbeid kvar fjerde helg.

I samband med budsjettbehandlinga 2015 vart det bestemt at nattevaktene ved X skulle gå over til å arbeide kvar tredje helg frå hausten 2015. I søknad av 18. februar 2015 søkte A om fritak frå dette, slik at ho kunne halde fram med å jobbe kvar fjerde helg. Søknaden vart grunngeve med at ho har to barn på 4 og 15, og at ho har eineansvar for den minste anna kvar helg.

Søknaden vart avslått av arbeidsgivar i brev datert 26. februar 2015.

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda ved brev poststempla 25. mars 2015. Overfor nemnda har begge partar fått høve til å komme med utfyllande merknader i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- brev av 25. mars 2015
- brev av 26. april 2015
- e-post av 4. juni 2015

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev av 23. april 2015
- e-post av 11. juni 2015

### **Utsegn frå arbeidstakar**

A fører i det vesentlege fram:

Ho har vektige grunnar som gir rett til fritak frå nattarbeid etter arbeidsmiljølova § 10-2 (2) Ho har eineansvar for sonen på 4 år anna kvar helg, og får ikkje barnevakt oftare enn kvar fjerde helg. Ein overgang til arbeid på dagtid i helga løyser ikkje problemet hennar med barnepass, og dagarbeid er uansett ikkje aktuelt grunna hennar helsevanskar.

Verksemda har fram til no klart å dekke helgane sjølv om alle nattevaktene arbeidde kvar fjerde helg. At ho held fram med denne ordninga, vil såleis neppe føre med seg vesentleg ulempe for arbeidsgivar.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B fører i det vesentlege fram:

A grunnar kravet sitt i retten til fritak frå nattarbeid, men arbeidsgivar forstår det slik at ho i praksis ønskjer fritak frå dei ekstra helgevaktene som følgjer den nye turnusen. Ho har takka nei til tilbodet om å gå over til dagarbeid med arbeid kvar tredje helg.

Dersom A skal halde fram med arbeid kvar fjerde helg som ei fast ordning, vil det føre med seg vesentlege ulempe for verksemda. Dei andre tilsette vil få enda høgare helgebelastning (hinkehelger). Så lenge det finnast vakante stillingar, kan A bytte helgevakter i BAT-ordninga, men verksemda vil ikkje vere låst til å måtte lyse ut turnusar med helgevakter oftare enn kvar tredje helg.

### **Merknader frå tvisteløysingsnemnda**

Arbeidsmiljølova § 10-13 fastset at tvist om fritak frå nattarbeid avgjeras av tvisteløysingsnemnda. Arbeidsmiljølova § 10-2 (2) fastset ein rett til fritak frå nattarbeid for arbeidstakarar som regelmessig arbeider om natta, «dersom arbeidstaker har behov for det og dette kan gjennomføres uten vesentlig ulempe for virksomheten». I forarbeida til lovas føresetnad om rett til fritak frå nattarbeid (Ot.prp. 49 (2004-2005) s. 177), uttalar departementet at føremålet med føresegna er «...å lovfeste en rett for nattarbeidere til å bli overført til dagarbeid der det er mulig».

Slik nemnda forstår A, er det ikkje fritak frå nattarbeid ho krev, men snarare fritak frå helgevakter. Arbeidstakar ønskjer i denne saka å halde fram med nattarbeid, men ho ønskjer ikkje dei ekstra helgevaktene som følgjer med den nye turnusen, uavhengig av om vaktene hadde vore på natt eller dag. Nemnda finn etter dette at As krav ikkje kan føre fram etter § 10-2 (2).

Nemnda finn etter dette ikkje grunn til å ta stilling til om dei andre vilkåra i arbeidsmiljølova § 10-2 (2) er oppfylt.

### **Konklusjon**

Arbeidstakar gis ikkje medhald.

Tvisteløysingsnemnda

Henning Harborg  
leder

Oslo, 22.06.2015

### **Til orientering:**

Tvist om rett til fritak fra nattarbeid kan bringes inn for domstolene etter at tvisteløsningsnemndas avgjørelse foreligger, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saken er til behandling ved domstolene. Dersom dette vil virke urimelig, kan retten etter krav fra en av partene fastsette en annen midlertidig ordning.

Fristen for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker regnet fra det tidspunkt tvisteløsningsnemndas avgjørelse foreligger, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 tredje ledd.